

Nytt i grunnskulesektoren 2009

Aud Opheim Lygre

august 2009

”Utdanningslinja” St.meld.44

- Kamp mot fråfall i vg. skule – tiltak på ungdomssteget og i yrkesopplæringa
- Nytt, praktisk fag i ungdomsskulen. Skal heita ARBEIDSLIVSFAG
- Skal prøvast ut på enkelte ungdomsskular i 2009/10. Vert utarbeidd læreplan og rettleiingar seinare.
- Alternativ til 2. framandspråk og fordjupningsfag

Utdanningslinja, *framhald*

- Evaluera korleis ordninga med fordjupningsfag fungerer
- Laga rettleiingsmateriell til bruk av 25 %-omdisponeringa
- Opna for at elevar på u-steg kan ta fag på vg. basert på avtalar mellom skuleeigarar

Rettleiing til læreplanar

- Matematikk - kom 15. juni
- Norsk og kroppsøving kjem før skulestart
- Resten kjem innan vår 2010
- Ligg på www.udir.no/grep, eller www.skolenettet.no/veiledninger
- Er ikkje pålegg, men gjev råd om og døme på val av innhald, arbeidsmåtar, undervegsvurdering på alle steg. Dekker ikkje alt, men gjev døme.

Midtlyngutvalet: NOU 2009:18

”Rett til læring”

- Gjeld barn, unge og vaksne med særskilde behov. Deira framlegg:
- TIDLEG INNSATS:
- Ressursbank med varierte verktøy
- *Læringsboka*- verktøy som skal følgja barnet gjennom utdanninga. Om semje: Vedtak kan gjerast utan sakkunnig utgreiing
- *Klarare ansvarsdeling mellom PPT og Statped*

Midtlyngutvalet, *framhald*

- Individuell plan vert heimla i Oppl.lov og bhg.lov og harmonisert i alle lovverk. Rett til ein personleg koordinator. Grenseoppgang mellom ulike spesialisttenester.
- Styrka kompetanse i relevante grunnutdanningar. Bhg. Og skular skal handtera vanlege vanskar sjølve

Bortvising av elevar - høyring

- Gjeldande rett: Rektor fattar vedtak om bortvising
- Nytt framlegg, tillegg til gjeldande lovtekst: *Rektor kan bestemme at lærarane skal ha mynde til å treffe avgjerd om bortvising frå undervisninga for inntil ein dag.*”

Obligatorisk fysisk aktivitet

- Elevar på mellomsteget skal ha 2 t/v til fysisk aktivitet frå 2009/10 – ikkje opplæring i fag. Timane kan ikkje samlast opp til idrettsdag, skidag o.l.
- Ikkje læreplan/vurdering. Ikkje krav om pedagogisk kompetanse
- Frå august 2009 vil ein idè -og ressursbank liggja på www.skolenettet.no

Fysisk aktivitet, *framhald*

- Frå forskrifta: Den fysiske aktiviteten skal tilretteleggjast slik at alle elevar kan oppleve glede, meistring, fellesskap og variasjon i skuledagen.
- Aktiviteten er obligatorisk. Det er viktig å ta omsyn til enkeltelevar si interesse og føresetnader.
- Ingen spesielle rettar på innhald og kvalitet for elevane

Endringar i formålsbestemmelsen

- Felles føremål for det 13-årige løpet, også lærlingar (delt på skuleslag før)
- Opplæring i samarbeid med heim, også for vg. skule. Foreldre hovudansvar for oppseding; skule hovudansvar for opplæring (fagleg innhald, arbeidsmåtar og organisering.) Samarbeidet endrar karakter ettersom elevane vert eldre.
- Innleiingsvis er også framtidsperspektiv og globalisering teke med – er nytt.

Formålsparagrafen, *framhald*

- Kristen og moralsk oppseding er erstatta med kristen og humanistisk arv og tradisjon.
- Eleven er sett tydelegare i sentrum enn tidlegare, saman med eit tydeleg elevperspektiv. (etisk perspektiv og verdigrunnlag, kritisk tenking, medansvar og medverknad)
- Skulen sitt ansvar for å møte elevar med respekt; fremja danning og lærelyst.

Lovendringar frå 1/8-09

- TIDLEG INNSATS
- 1.-4.steg i norsk og matematikk retta mot svake elevar, som ein del av tilpassa opplæring.
- Auka lærartettleik
- Føremål: At flest mogeleg når kompetansemåla og fagleg løft til dei som slit.
- NB ! Gjev ikkje individuelle rettar til elevar
- Me har fått kr 107.000 i 2009; staten har finansiert ved å fjerna tilskot til læremiddel

Årleg tilstandsrapport

- Plikt for kommunar til å skriva årleg rapport om læringsresultat, læringsmiljø m.m. Rapporten skal opp som sak og drøftast i kommunestyret.
- Gjeld frå 1. august 2009
- Grunn: Dokumentasjon og behov for at skuleeigar følgjer opp lovfesta rettar og plikter
- Skal innehalda tilgjengeleg informasjon som ligg ute på Skoleporten

Minoritetsspråklege elevar

- Plikt til å kartleggja norskdugleiken FØR det vert gjort vedtak om start eller avslutning av særskild norskopplæring.
- Skal sikra at eleven får retten sin oppfylt, og at desse elevane er sikra overgang til vanleg undervisn. Når dugleiken tilseier det.
- (Eksisterer ein kartleggingstest på nettet)

Plikt til foreldresamarbeid

- Lovendring som presiserer plikt til foreldresamarbeid i grunnskulen og vidaregåande skule (kanskje størst utfordring for vg. skule ?)
- Departementet vil vurderer om det er trong for utfyllande reglar i ei forskrift
- Endringa gjeld frå 1. august 2009

Å høyra til sosialt

- Har teke klasseomgrepet innatt i lova; saman med ”grupper”, dvs. ei justering av § 8.2 i Opplæringslova om organisering av elevar i grupper
- Ei presisering av at elevane skal delast i klassar eller grupper som ivaretek behovet for å høyra til ein stad sosialt
- Kontaktlæraransvaret er ved lovendringa, kobla direkte til klassen/basisgruppa og dei elevane som er der

Beredskapsarbeid i grunnopplæringa

- Politidirektoratet har laga eit opplegg for samarbeid mellom politiet lokalt og dei enkelte skulane. Kjem truleg invitasjon til samarbeid hausrø og frå lokalt politi. Oppfordrar også til ei øving etter besøket.
- Bør oppgradera eigne planar i høve alvorlege hendingar som kan skje (jmfr Finland)
- Elles: Pandemi – lokalt opplegg

Individuell vurdering

- Ny forskrift frå 1. august 2009:
- Eitt felles kapittel for grunnskule og vg.
- Tydelege krav til undervegsvurdering som har læring som mål
- Halvårsvurdering i heile grunnopplæringa for å styrka det systematiske vurderingsarbeidet. På 1.-7. steg skal dette vera eit viktig verktøy for tidleg innsats

Individuell vurdering, *framhald*

- Planmessig samtale med eleven minst kvart halvår også i grunnskulen
- Tydelege krav til eleven sin medverknad i vurderingsarbeidet i skulen

Individuell vurdering, *framhald*

- Det vert laga infobrosjyrer sentralt for elevar, foreldre og lærarar
- Det kjem rundskriv med utfyllande kommentarar
- Det skal lagast ein idèbank på nett med erfaringsutveksling og døme på korleis vurderingsarbeid kan dokumenterast på ein måte som gagnar læring, og som ikkje fører til unødvendig byråkrati
- Udir. planlegg seminar via fylkesmannen

Kartleggingsprøver

- Våren 2010 skal det gjennomførast ein ny obligatorisk kartleggingsprøve i lesedugleik på 3. trinn.
- www.udir.no/kartleggingsprover
- Totalt er det no obligatoriske kartleggingsprøver for 1, 2 og 3. trinn i lesedugleik, og for 2. trinn i tallforståing og regnedugleik. I tillegg er det tilbod om ein frivillig kartleggingsprøve for 3. trinn i tallforståing og regnedugleik. Alle prøvane er gratis for skulane.

Læreplanar

- Endringar i læreplanane
Sjå oversyn over alle endringar i læreplanane for Kunnskapsløftet her:
<http://www.udir.no/Tema/Lareplaner/Endringer-i-lareplanene-for-Kunnskapsloftet/>
- Program for inkluderande lærings- og oppvekstmiljø
Utdanningsdirektoratet vil lansera ei rekkje verktøy til bruk for skular, skuleleiarar og skuleeigarar, mellom anna gratis og heilskapleg rettleiingssmateriell. Programmet vil bli lansert i oktober. www.udir.no/laringsmiljo

Diverse informasjon

- NRK skule

NRKs sitt TV- og radioarkiv er tilgjengeleg for elevar og lærarar. Klippa er søkbare og knytte opp mot kompetansemål i læreplanane.

www.nrk.no/skole

- Eit ressurshefte om undervisning i seksualitet og samliv vil bli sendt ut til alle grunnskular og vert publisert på direktoratet sine nettsider i løpet av hausten

FEIDE

<http://feide.no>

- Nasjonal identitetsforvaltning for utdanningssektoren
www.uninettabc.no/informasjonspakke
- Odda, Eidfjord og Ulvik startar arbeidet med Feide i august 2009
- Konsept: Kvar brukar (elev eller tilsett) i utdanningssektoren får eit brukarnamn som kan brukast i heile sektoren; både på eigen skule og ved nasjonale fellestenester. Altså: Basert på opplysningar om deg og di rolle i skulen, vert det laga ein elektroisk nøkkel (Feide-identitet). Dette vert din inngang til ulike digitale tenester, portalar, bibliotek mm.

FEIDE - *framhald*

- Kven du er og rolla di i skulen bestemmer kva du har tilgang til. Opplysningane om deg må kunna stolast på, så skuleeigar må ha ei god identitetsforvaltning på plass.
- Personopplysningar: Namn, e-postadresse, tlf.nr, kva rolle du har og kva organisasjon du tilhøyrrer. Bilde ?
- Alle får passord. Skuleeigar bestemmer kor komplekst passordet skal vera. (Ein kommune har nytta passordfrasar basert på ei songbok til alle elevane sine i barneskulen) All info er under lokal kontroll og kan sjekkast av deg sjølv til ei kvar tid.

FEIDE - *framhald*

- Statleg mål: 80% av grunnskulane har teke i bruk FEIDE innan utgangen av 2009.
- It`s Learning er ferdig til Feide-innlogging
- PAS er klar for Feide i løpet av 2009
- Andre på veg inn/er inne: Digital eksamen, nasjonale prøvar, NRK sine digitale arkiv, VIGO-opptakssystem til vg. skule, nasjonal digital læringsarena, multimediearkiv, karakter- og fråversssystem, læringsplattformer og ei rekkje andre verktøy berekna på skule-Noreg

FEIDE - *framhald*

- **Krav for å få Feide:**
- 1 Teknisk løysing
- 2 IKT-reglement
(ligg ein mal på Uninett sine sider)
Reglementet skal vera kjent for alle elevar og tilsette.
- 3 Behandling av persondata
- 4 Må ha eit skuleadministrativt system

- Deretter kan me søkja om Feide-godkjenning

- Kostnad: Kr 2-3 per elev per år for å vera tilkobla. Generell kostnad for å knyta seg til + etableringskostnader.
- Eidfjord kommune har skrive intensjonsavtale med UNI-nett

- Ynskjer dykk eit godt skuleår !